

STRATEGIPLAN IKT 2005-2008 SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 "Strategiplan IKT Sogn og Fjordane fylkeskommune 2005-2008" vert vedteken som retningsgjevande for fylkeskommunen si satsing innan IKT.
- 2 Gjennomføringa av planen skjer som ein del av dei årlege budsjetta, oppdrags-/ansvarsbrev og verksemdsplanane til avdelingane og institusjonane, og dei årlege handlingsplanane til fylkesplanen

Prenta vedlegg:

- 1 Høyringsutkast til "Strategiplan IKT Sogn og Fjordane fylkeskommune 2005-2008"
- 2-7 Innkomne høyringsfråsegner

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

For å sikre at vi arbeider samordna og målretta er det behov for ny strategiplan for IKT for perioden 2005-2008.

Det vert lagt opp til at planen skal ha hovudfokus på den fylkeskommunale verksemda, men at ein også skulle ta med eit eige kap om "Regional utvikling og samarbeid med andre". Planen er difor ikkje ein fullstendig fylkesdelplan, men er eit bidrag/innspeil i høve arbeidet med dei årlege handlingsprogramma i fylkesplanen.

Høyringsutkastet til plan fylgjer vedlagt.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkesutvalet vedtok i juni 1997 "overordna IT-strategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune fram mot år 2000".

Hovudutvalet for opplæring vedtok i 1998 "IT- plan for opplæringssektoren 1998-2001."

I fylkesplanen for 2001-2004 er det eit eige program for "IKT og open forvaltning".

Fylkestinget vedtok i mars 2004 "Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring".

Problemanalyse

IKT er eit viktig verktøy for å sikre at fylkeskommunen når sine mål - både innan tenesteproduksjonen og i regionalpolitikken. For å sikre at vi arbeider samordna og målretta er det turvande å få utarbeidd ein ny plan for den komande fylkesplanperioden 2005-2008.

Planen er kort og strategisk. Det er ikkje lagt opp til at tiltak skal klarerast i dette dokumentet, det skal skje i årsbudsjett og i handlingsprogramma i fylkesplanen.

Som premissar for planarbeidet er det lagt inn fylgjande:

- Ta utgangspunkt i konkrete brukarstyrte behov
- Vurdere behovet ut frå eit organisasjonsutviklingsperspektiv
- Legge vekt på å ta ut maksimalt nytte/effekt av IKT-systema.

Planframlegget er etter fylkesrådmannen sitt syn balansert i høve dei einskilde sektorane, og fylgjande gjennomgåande strategiar i kap 3 dannar hovudfokuset i planperioden 2005-2008:

- *Sogn og Fjordane skal vere i fremste rekkje når det gjeld nettbasert tenester og dialog med publikum*
- *Styrke samarbeidet innan drift og utvikling av IKT, og nytte IT-forum som hovudarena for samarbeidet i fylket*
- *Halde fram utbygging innnan breiband og realisere fylkesnettet*
- *Delta i internasjonale prosjekt*
- *Enkel og sikker tilgang til fylkeskommunale system gjennom internett*
- *Auke dei tilsette sin IKT-kompetanse.*

Planprosessen

Med grunnlag i oppdrag frå fylkesrådmannen utarbeidde det tverrsektorielle teamet for IKT utkast til plan som vart sendt på høyring 20. sept 2004 - med høyringsprist 23.10.04. Det kom inn 6 fråsegner til planen, og desse fylgjer som prenta vedlegg.

Høyringsfråsegner

Fylgjande hovudpoeng går fram av høyringsfråsegnene:

Utdanningsforbundet framhevar at kvar lærar skal ha eigen PC og at det skal satsast på kompetanseutvikling for lærarane. Det vert og framheva at det er viktig at elevane har god tilgang til datautstyr.

Stryn Vidaregåande skule trekker fram at det er viktig at alle tilsette i vidaregåande skule har eigen PC og at både elevar og tilsette må til ei kvar tid kunne nytte Ikt som kommunikasjonsmiddel og pedagogisk verkty. Skulen prioriterer også å bygge ut gode nett mellom dei einskilde skulebygga.

Luster vidaregåande skule trekker fram fylgjande som særst viktig:

- Auka ressurs til IKT-ansvarleg på skulen
- Fortgang i at alle lærarane har eigne (bærbare) PC-ar.
- Bygge ut trådløst nettverk på skulane
- Det er ei dårleg løysing å satse på kjøp av brukt datautstyr.

Mo og Jølster vidaregåande skule uttalar fylgjande:

- Fylkeskommunen må prioritere breibandutbygging først
- Standarisering av programvare må ikkje bli ei tvangstrøye for institusjonane
- Vi må vera merksame på at trådløse nett og elvar med eigne bærbare PC-ar kan medføre ekstrakostnader for skulane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har fylgjande generelle kommentarar:

- Det er rett å leggja opp til at oppfylging av fylkesplanen kan skje gjennom eigne fora som td IT_forum
- Høgskulen er prosjektleiar for eitt av fem kompetansesenter for bruk av breiband i offentleg sektor.
- Fylkeskommunen bør i planperioden vurdere om det er mogeleg å etablere fleire prosjekt som kan få støtte frå Høykomprogrammet – viktig kanal for oppfylging av kap 6 regional utvikling.
- Høgskulen vonar at den i større grad kan vere ein samarbeidspartnar for fylkeskommunen på IKT-sida enn det no er lagt opp til i denne planen.
- Høgskulen gir si støtte til planutkastet.

Høgskulen prioriterer fylgjande tiltak:

- Det er viktig å sikre at dei vidaregåande skulane i fylket både har *tilstrekkeleg kompetanse og tilstrekkeleg linekapasitet /fasilitetar* til at dei kan nyttiggjere seg tilgjengelege nettressursar i undervisninga
- Det er viktig at det blir utvikla kompetanse på *korleis e-læring kan nyttast i både skulesamanheng og til kompetanseheving i offentleg og privat verksemd generelt.*

IKT-gruppa i Nordfjord går inn for at det omtalte fylkesnettet i kap 4 må verta ei sambinding mellom dei regionale netta som er etablerte. Regionane kan sjølve avgjere om dei vil drift og vedlikehald sjølve, eller eventuelt kjøpe dette av fylkeskommunen eller andre. Det same gjeld felles internettilgang og applikasjonar.

2. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Vurdering av høyringsfråsegnene

Fylkesrådmannen er i hovudsak samd i med dei innkomne høyringsfråsegnene og kan summere dette opp så langt det gjeld dei vidaregåande skulane:

1. I skulane sine utviklingsplaner er ressurs til IT-ansvarleg trekt fram som ein kritisk faktor. Arbeidsmengda har auka dei siste åra.
2. Ny arbeidsmåtar innan vidaregåande opplæring vil i åra som kjem kreve fleksible IT-system (trådlause nett - tynne klientar - bærbare maskiner)
3. Det er framleis eit udekkta behov for kompetanseheving innan bruk av IKT i opplæringssamanheng.
4. Fylkesrådmannen vil med bakgrunn i røymsler så langt vurdere om vi skal dra i gang eit utviklingsprosjekt innan e-læring/ nettbasert undervisning. Det er i så fall ynskjeleg at Høgskulen i Sogn og Fjordane vert partnar i eit slikt prosjekt.
5. Det er viktig at "arbeidsplassen" er der når eleven eller læraren har bruk for den. Tilgjenge vil bli eit nøkkelord. Fylkesrådmannen kan her visa til at han i sitt framlegg til budsjett 2005/økonomiplan 2005-2008 tilrår å auke investeringane til utstyr til dei

vidaregåande skulane med kr 3 mill. kr årleg frå og med 2006. Desse midlane skal i hovudsak prioriterast IT-utstyr.

Når det gjeld fråsegna frå høgskulen så meiner fylkesrådmannen at strategiane om kompetanse, linjekapasitet og e-læring er fanga opp under kap 4 under kommunikasjon og kompetanse og under kap 5 under vidaregåande opplæring. Jfr ellers pkt 4 i avsnittet ovanfor når det gjeld e-læring.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Mange av strategiane i planen er under gjennomføring innanfor dei ressursrammene som avdelingane/institusjonane disponerer i dag.

Når det er tale om å setje i verk nye tiltak, som det ikkje er dekning for innan dagens budsjett, så kan dette først skje når turvande midlar er løyvde. Dette vil bli vurdert i dei årlege budsjetta og i dei årlege handlingsplanen til fylkesplanen.

Når det gjeld løyvingar til IKT-utstyr til dei vidaregåande skulane så viser eg til omtalen under pkt 5 i avsnittet ovanfor.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen tilrår at høyringsutkastet vert vedteke.